



PRAKTISKE OPPLYSNINGAR ETTER OPERASJON FOR  
**FALSKE MANDLAR (ADENOTOMI)**

## FALSKE MANDLAR

Adenoid vev (falske mandlar) ligg bakarst i nasesvelget. Ved infeksjonar i nasen hovnar vevet opp og kan vere årsak til nasetettheit og danne grobotn for vidare infeksjonar i øyrene. Hovent adenoid vev kan også gjere "øyretrompeten" tett og føre til feil trykk i mellomøyret og dermed nedsett hørsel. Falske mandlar gir mye snorking og av og til pustestopp.



## OPERASJONSDAGEN

### ETTER NARKOSE

Å kjenne seg trøtt og svimmel etter narkose er normalt. Dette kan vare til langt på kveld. Derfor må ikkje barnet vere åleine eller bli passa på av andre barn operasjonsdagen.

Tørrheit i munnen og raudflamma ansikt er ei følgje av medikamentet Atropin som blir gitt til barnet under operasjonen for å hindre slim i luftvegane. Kvalme kan førekome. Barn som er operert i halsen svelger litt blod, noko som ofte vil gi kvalme/oppkast (svart oppkast er gammalt blod).

### BLØDNING

Det kan komme litt blod frå nasen operasjonsdagen. Unngå å snyte kraftig. Barnet skal ikkje vere åleine første døgnet etter operasjonen og den første natta skal det sove i same rom som ein vaksen person!

**Om det blør meir etter at de har kome heim, kontakt vakthavande ØNH-lege.**



**Vakthavende ØNH-lege ved  
Haukeland universitetssjukehus:  
Telefon: 55 97 50 00**

### DRIKKE/KVALME

Barnet kan få drikke to timer etter operasjonen. Alt dei skal drikke/ete skal vere kaldt, mjukt og glatt. For eksempel is, yoghurt, gele/vanillesaus og liknande. Det er best å vente med dette til ein er heime for å unngå oppkast på vegen heim.

Det er viktig at barnet får drikke før det legg seg til å sove etter heimkomst. Unngå brus då det gir ubehag i form av "brusing" i nasen.

**Om barnet ikkje vil drikke eller det kastar opp fleire gonger utover kvelden, ta kontakt med vakthavande ØNH-lege.**

### SMERTER

Det er lite smerter etter ein adenotomioperasjon.

Om barnet har blitt hes eller det tar seg til halsen kan det vere på grunn av ein "pustetube" som låg i luftvegane under operasjonen for å sikre frie luftvegar (rutine).

Alle barn som tåler Paracet har fått dette ved operasjonsstart og kan få det igjen seinare på kvelden om behov.

## DEI NESTE DAGANE

Barnet skal være heime frå skule/barnehage i tre dagar medrekna operasjonsdagen.

Neste dag kan barnet ete og drikke normalt. Om barnet er tett i nasen (snorkar) ei vekes tid etter operasjonen er dette vanleg og årsaka er hevelse i operasjonsområdet.

## FORHOLDSREGLAR FOR Å UNNGÅ BLØDING

Barnet må ikkje få medikament som inneheld acetylsalisylsyre.

- Unngå anstrengande leik dei første tre dagane (hoppe, sykle, springe i trapper og liknande)
- Ikkje puss nasa kraftig på barnet
- Barnet må ikkje ha gymnastikk på skulen eller gå lange turar i barnehagen første veka.

**Oppstår det bløding kontakt vakthavande ØNH lege.**

## FORHOLDSREGLAR FOR Å UNNGÅ INFEKSJON

- Dei første tre dagane etter operasjonen skal barnet være i ro heime.
- Unngå å gå på besøk eller ha besøk av andre som har infeksjonar.
- Barnet kan ha ein temperatur rundt 38-38,5° C det første døgnet etter operasjonen.

**Verkar barnet medteke eller har temperatur på over 38,5° C, kontakt vakthavande ØNH-lege.**



Heftet er laga i samarbeid med Kirurgisk serviceklinik